



## Referat frå medlemsmøte

**Tid:** Onsdag 12.02 kl. 12.00 – 14.00

**Stad:** Frøyland og Orstad kyrkje

**Påmelde:** 130 personar

### 1. Opning:

Lokallagsleiar Martha Jakobsen Ulvund ønskte velkommen og orienterte om dagens program.

### 2. Foredrag med føredragshaldarar frå LOP sentralt:

**Dagleg leiar Wenche Sandlie og medlem i pensjonsutvalet og spesialrådgjevar i pensjonssaker, Jan Mønnesland.**

Wenche Sandlie orienterte kort om samarbeidsavtalen med UNIO som mellom anna gir LOP sentrale kontorlokale i Oslo (Stortingsgata 2) til ein overkommeleg pris.

LOP har 10700 medlemmer, og arbeider aktivt mot regjering og Storting for å ivareta medlemmene sine interesser. Eksempelvis har LOP følgjande prioriterte krav i drøftingane fram mot statsbudsjettet for 2021:

- Alderspensjon
- Skatt
- Kommuneøkonomi
- Helse og sosialsektoren
  - Mammografi
  - Tannhelse
  - Krav knytte til diverse innstrammingar

I tillegg tilbyr LOP direkte medlemstenester: Spesialrådgivar Jan Mønnesland gir rettleiing og hjelp til medlemmer i alle saker som gjeld pensjon. Spesialrådgivar Birgit Kristensen gir hjelp i saker som gjeld testamente, arv, skifte, buoppgjer.

Wenche Sandlie peikar på eit skilje i politiske saker som vedkjem vår medlemsgruppe:

- Seniorpolitikk handlar mykje om å stå lenger i arbeid, og er i stor grad knytt opp mot pensjon og dei yngste pensjonistane.
- Eldrepolitikk handlar om kvardagslivet til eldre som treng hjelp frå samfunnet, dei eldste pensjonistane.

Ho spør om det ikkje finst ei mellomgruppe her, og understrekar at LOP treng alle for å bli tunge og tydelege.

Lokalt utøver LOP sin politiske medverknad gjennom eldreråda i fylkeskommune og kommunar. Wenche Sandlie understrekar at eldrerådet er eit viktig, politisk organ i kommunen. Ho rosar arbeidet til LOP Rogaland Sør av di vi inneverande valperiode har fått 2 representantar i det fylkeskommunale eldrerådet (leiar pluss vararepresentant), og totalt 9 representantar/vara i eldreråda i 6 av kommunane vi har medlemmer frå.

«Bruk makta deres», seier Wenche Sandlie. Vi *har* makt, og vi *får* meir: I løpet av få år vil talet på 90-åringar bli fire-dobla, talet på 80-åringar tre-doblar seg, og vi vert dobbelt så mange 70-åringar. Dette er, seier Wenche Sandvik, «en heftig bølge». Vi er ei stor veljargruppe, og vi vert fleire. «Bruk stemmeretten», avsluttar Wenche Sandlie.

Jan Mønnesland valde å fokusere på endringsprosessar som har gått føre seg, og på slike som er i kjømda da dei fleste medlemmene i LOP er fortrulege med sin pensjon.

#### Underregulering:

Pensjonar skal regulerast årleg og oppjusterast i samsvar med stipulert lønnsvekst i reguleringsåret. Dei skal så underregulerast ved å trekke frå 0.75% av lønnsveksten. Opptente pensjonsrettar vert ikkje underregulerte.

Utgangspunktet for utrekningsmodellen, var at pensjonar skulle oppregulerast med snittet av lønns- og prisveksten. Med ein slik modell ville pensjonane alltid ha svakare auke enn lønnsveksten, men pensjonistane ville likevel vere sirkla ein realvekst. Frå og med 2009 fann regjeringa ein annan modell:. Ein stipulerte at lønnsveksten frå og med 2009 ville ligge kring 1,5% over prisveksten. For å forenkle berekningsmodellen, valde ein da å underregulere dette med 0,75%, framfor å ha ei flytande berekning basert på årlege anslag for pris- og lønnsvekst. Resultatet av dette er at pensjonistane fekk ei negativ reallønsutvikling i åra 2015 – 2018. Lønnstakarar hadde i same periode ei positiv utvikling. I 2019 fekk pensjonistane ei svak, positiv utvikling, men lågare den ein ville fått om opprinneleg hadde vore nytta.

LOP har heile tida protestert mot denne utviklinga, og krev at ein går attende til opprinneleg framlegg. LOP meiner at resultatet av trygdedrøftingane skal sendast til handsaming i Stortinget i vårsesjonen. Dette nektar departementet. I staden får Stortinget ei melding i november, og da er det for seint å påverke resultatet.

#### Nytt opplegg for offentleg tenestepensjon fra 2019:

Hovudorganisasjonane og departementet framforhandla i 1918 et nytt opplegg for offentleg tenestepensjon . I staden for ordninga med bruttopensjon, som vi kjenner, vil ein få ein påslagspensjon utan samordning. Dette vil gjelde for dei som er fødde frå 1963. Nyordninga gir auka ytingar for dei som kan stå i jobb lenge, men redusert yting for dei som av ulike grunnar må gå av tidleg. LOP finn det kritikkverdig at hovudorganisasjonane har gått med på ein avtale som favoriserer dei som er friske og sterke, og tek pengane frå dei som ikkje har høve til å arbeide lenge. Det er ein «omvendt Robin Hood effekt», seier Jan Mønnesland.

#### Samordningsfella

..rammar dei som arbeider ut over formell aldersgrense. Tenestepensjonen vert samordna med folketrygda. Dersom ein tek ut denne samtidig med at ein sluttar teneste, går det greitt: tenestepensjon vert samordna med faktisk motteken folketrygd. Arbeider ein derimot vidare i offentleg teneste, vert tenestepensjonen samordna med det folketrygda ville ha vore dersom ein først tok han ut ved endeleg avgang, og tenestepensjonen tilsvarande redusert. Reduksjonen i tenestepensjonen vert altså større di lenger ein står i jobb, og tenestepensjonen ein ar betalt inn til, kan såleis bli redusert til null. I avtalen om ny tenetepensjon av 2018, var det semje om følgjande: «*...for å gi betre pensjonsutstilling for de som står i arbeid etter 67 år, endres reglene for levealderjustering av bruttopensjon som skal samordnes med gammel folketrygdslik at bruttopensjonen kan bli høyere enn 66 prosent.*» I etterkant sa statsråd Hauglie seg usamd i avtalen ho hadde signert, og motsette seg all endring av regelverket.

#### Nye innstrammingar:

- Høyringsnotat av 17.09.2019: Gradvis avvikling av forsørgjartillegga i folketrygda (ektefellettillegg og barnetillegg) med 25% kvart år frå 2023. Heilt avvikla i 2027. Konklusjonen etter høyringsrunda er ikkje klar enno.
- Fjerne skjermingstillegget i uføre sin alderspensjon. Uføretrygda går over på alderspensjon ved fylte 67 år. (Skjermingstillegget er ein kompensasjon for at dei ikkje kan kompensere for levealderjusteringa.)

- Proposisjon 10 L (2019 – 2020)
  - Oppheve stønad ved bruk av tekniske hjelpemiddel, proteser, støttebandasjar og liknande.
  - Oppheve rett til sjukepengar når mottakarar av tiltakspengar for arbeidsmarknadstiltak vert arbeidsuføre.
  - Oppheve tilleggsstønad til naudsynte utgifter til pleie og tilsyn av andre familiemedlemmer for personar med nedsett arbeidsevne.
  - Pluss ei rekke andre innstrammingstiltak.

Denne proposisjonen er vedteken i Stortinget.

### **3. Matøkt**

Smørbrød, kringle, kaffi og te.

### **4. Kulturelt innslag: Calle & Polle**

Karl Fjogstad (gitar og vokal) og Georg Pollestad (munnspel og vokal) tok forsamlinga med på ei vandring i ord og tonar gjennom Klepp.

Med eitt unntak var alle melodiane av Karl Fjogstad.

Turen starta nedanfor møtelokalet med «Kveld i Håbakken». (Tekst Theodor Dahl).

Munnspelsoloen «Du gamle å» (mel. Sigmund Aanestad) vart servert ved

Frøylandsbekken. Theodor Dahl-stubben «Tørkesommar» tok oss over

Frøylandsvatnet, og i Mosberghagen ved Klepp stasjon vart både visa om vesle Anna som plukka blåbær og stubben «Vårkveld søraom løeborja», begge av Torvald Tu, servert. Klepekrossen var representert med Åse Marie Nesse si «Folkevise» og den dansande pottemakaren «Rosa» frå Mexico-Lexico.

Calle & Polle avslutta med Karl Fjogstad sin hyllest til landskapet her: «Utøve Jæren».

### **5. Avslutning**

- Leiar i reisekomiteen, Gunnstein Emmerhoff, orienterte om reiseprogrammet våren 2020. Alle tillyste turar går som planlagt. Det er framleis nokre ledige plassar att på turane til Sorrento-halvøya, , Bjerkeim, , Austevoll/Lysøen/Os, Komlejazz på Røvær og Oberrammergau. Elvecruiset frå Kievtil Svartehavet og Donaudeltaet er fullteikna og vel så det.
- Lokallagsleiar Martha J Ulvund minte om neste medlemsmøte, 11. mars med Øivind Bratberg, UiO, Brexit: «Koss har det gått med di – Boris og di». Kulturelt innslag ved Johs Ringås: «Viser av presten på Lye, Jens Zetlitz, og gode Stavangerviser».

Ho takka for frammøtetog ønskte vel heim.

Bjørg Brekke Sørskog, ref.

|   |  |  |   |
|---|--|--|---|
| Martha J. Ulvund-leder<br>M 906 56 520<br>Muninsgate 2C,4306 Sandnes<br><a href="mailto:martha.ulvund@outlook.com">martha.ulvund@outlook.com</a>      | Bjørg Brekke Sørskog-nestleder/ref.<br>M 906 69 184<br>Skulevegen 17, 4352 Klepp<br><a href="mailto:bjorg.brekke.sorskog@kleppnett.no">bjorg.brekke.sorskog@kleppnett.no</a> | Gunnstein Emmerhoff-reiser<br>M 993 25 967<br>Åsveien 11, 4328 Sandnes<br><a href="mailto:gunnstein.emmerhoff@lyse.net">gunnstein.emmerhoff@lyse.net</a> | Jytte Birch Emmerhoff - kasserer<br>M 997 14 119<br>Åsveien 11, 4328 Sandnes<br><a href="mailto:jytte@lyse.net">jytte@lyse.net</a>              |
| Liv Marie A Ravndal-program<br>M 481 31 496<br>Gåshaugen 6,4319 Sandnes<br><a href="mailto:liv.ravndal@lyse.net">liv.ravndal@lyse.net</a>             | Kjell Terje Larsen-reiser<br>M 514 10 137, Furustien 12, 4072<br>Randaberg<br><a href="mailto:ktlarse@online.no">ktlarse@online.no</a>                                       | Kåre Bærheim-kurs/bedrift/verve<br>M 932 02 846<br>Tjeldvn.26, 4318 Sandnes<br><a href="mailto:kare.barheim@lyse.net">kare.barheim@lyse.net</a>          | Ranveig Løge, kultur<br>M 922 33 375<br>Kvernhusbk 4, 4340 Bryne<br><a href="mailto:ranveigloge@live.no">ranveigloge@live.no</a>                |
| Roald Håland-vara-program<br>M 994 58 161 Jernalerveien<br>51A, 4041 Hafrsfjord<br><a href="mailto:roald.haland@gmail.com">roald.haland@gmail.com</a> | Magne Helland-vara-økonomi-verve<br>M 475 10 794<br>Skaret Terrasse 5, 4326 Sandnes<br><a href="mailto:magne.helland@lyse.net">magne.helland@lyse.net</a>                    | Leon Reve-vara-kurs/bedrift<br>M 970 10 356<br>Utsiktstvegen 4, 4352 Klepp<br><a href="mailto:leon.reve@kleppnett.no">leon.reve@kleppnett.no</a>         | Ranveig Bærheim-LOP Oslo<br>M 481 46 737<br>Tjeldvn.26, 4318 Sandnes.<br><a href="mailto:Ranveig.berheim@lyse.net">Ranveig.berheim@lyse.net</a> |

